UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Avdeling for forsking og utviklingsarbeid
Arkivref.: 2017/6565
Dato: 18.7.2018

Fakulteta
TMU
UB

Informasjon om endringar i ph.d.-forskrifta

Universitetsstyret vedtok i møte 19. juni 2018 endringar i ph.d.-forskrifta. Endringsforskrifta ligg som jp. 13 og hjå Lovdata. Lovdata innarbeider endringane i ph.d. forskrifta innan 1. august.

Endringane tek til å gjelda frå 1. august 2018 med nokre unntak (jf. pkt. II i vedtaket):

- Kravet om open tilgang til avhandlinga i § 21 femte ledd gjeld for kandidatar som leverer avhandlinga 1. januar 2019 eller seinare.

- Obligatorisk midtvegsevaluering etter § 22 tredje ledd skal gjennomførast seinast frå og med det kullet som tek til på ph.d.-studiet hausten 2018.

- Det er ikkje nødvendig å be om framdriftsrapportering før det siste året i normert tid for studentar som er midtvegsevaluerte (§ 22 andre ledd siste setning, jf. pkt II.).

Vi viser elles til endringsforskrifta, og har merknad til enkelte av endringane:

- § 7. *Søknaden,* fjerde ledd: *Vurdering av potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast* skal med i søknaden. Vi ber dei fakulteta som har eigne skjema for søknad om opptak få det inn i skjemaet.

- § 10. *Opptak til emne i opplæringsdelen.* Det er opna for at forskarlinjestudentar kan få ta 8000-emne ved andre fakultet etter søknad. Ingen realitetsendringar ut over det.

- § 11 *Studiestart, avtale.* Første ledd, om revidering av prosjektbeskrivinga, er flytta frå § 7 om søknaden. Ingen realitetsendring. Andre og tredje ledd er om avtalen- det skal setjast opp avtale med rettleiarane (andre ledd) og med eventuell ekstern part (tredje ledd). Fjerde ledd er nytt.

- § 12. *Studierett.* No skal studentane ha varsel seinast semesteret før studieretten går ut. Vi anbefaler at fakulteta går gjennom studentmassen minst ein gong i året, helst kvart semeter, og gir varsel til dei det gjeld.

- § 14. D*oktorgradsutdanninga* har fått eit nytt tredje ledd: *Universitetet skal førebu studenten på ei yrkeskarriere i eller utanfor akademia.* Denne regelen kom i staden for forslaget om at rettleiar skulle ha ansvaret for karriererettleiing.

- § 21. *Offentleggjering av avhandlinga.* Nytt femte ledd er i samsvar med UiT si haldning til open tilgang.

- § 22. *Kvalitetssikring og rapportering.* Det nye her er kravet om midtvegsevaluering. Det er i stor grad opp til fakulteta korleis evalueringa vert gjennomført.

- § 31. *Innstilling og* § 32. *Handsaming av innstillinga.* Ved samrøystes positiv innstilling som fakultetet mottek etter 1. august er det komitéinnstillinga som gjeld; ho skal ikkje behandlast ved fakultetet, men det skal sendast melding til kandidaten med informasjon om dato for prøveførelesing og disputas. Elles er reglane som før.

- § 34. *Prøveførelesing*. Det er opna for prøveførelesinga kan haldast før komiteinnstillinga (sensur på avhandlinga) er klar. Men tidlegaste tidspunkt for førelesinga er ti arbeidsdagar etter at avhandlinga er levert.

Ta kontakt viss det er noko de lurer på.

Beste helsing

Sølvi B. Anderssen e.f.
nestleiar

Olaug Husabø
seniorrådgivar

olaug.husabo@uit.no
77 64 52 77

Kopi: UTA